

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Mette M. Træland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 16/25115

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2016

LITA-GOD FAMILIEBARNEHAGE - TILSYN ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR M.V.

Den 14.9.16 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Lita-God familiebarnehage. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrar/eigar Liv Hopland van der Kooij møtte for verksemda.

Rapporten omhandlar merknadar som vart avdekkja.

➤ **Heimel**

Det følgjer av § 9 i lov om folkehelsearbeid at kommunen skal føre tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til einkvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse.

Vidare grunnlag for tilsynet er **forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsatt i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

➤ Tilsyn

Lita-God familiebarnehage er ei privat familiebarnehage som er godkjent for inntil 10 barn over 3 år (dobbel gruppe). Netto leike- og opphaldsareal er på ca. 54 m².

Barnehagen har pr. d.d. 10 barn der 4 er under 3 år og 6 er over 3 år, samt 3 tilsette.

Ei familiebarnehage kan godkjennast for maksimalt 5 barn over 3 år. Ein heim som er egna for det, kan godkjennast for dobbel gruppe med maksimalt 10 barn over 3 år som er tilstade samstundes. Er fleirtalet av barn under 3 år, må tal barn reduserast (Forskrift om familiebarnehagar § 4).

Barnehagen har etablert internkontrollsystem for miljøretta helsevern.

Det vart ved tilsynet avdekket 0 avvik og 2 merknadar.

- **Merknad 1: Barnehagen manglar vedlikehaldsplan for bygningen**

§ 13; Reinhold og vedlikehald

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Barnehagen har ikkje utarbeidd ei vedlikehaldsplan for bygget til barnehagen.

Kommentar:

Det vert utført jamleg vedlikehald av bygningen, men barnehagen bør ha ei vedtatt plan for vedlikehald.

- **Merknad 2: Barnehagen kan ikkje dokumentere tilstanden på inneklima**

§ 19; Inneklima og luftkvalitet

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Barnehagen har ikkje mekanisk ventilasjon. All luftutskifting skjer via ventilar og lufting med vindauge. Barnehagen har ikkje dokumentasjon som viser at inneklima er tilfredsstillande.

Kommentar:

Barnehagen bør utføre inneklimakartlegging for å kunne dokumentere at inneklima er tilfredsstillande. Ved ev. avvik må det utførast korrigerande tiltak.

Barnehagen har avtalt inneklimakartlegging i løpet av hausten 2016.

➤ Tilbakemelding på tilsynsrapporten

Dersom det er behov for å komme med tilleggsopplysningar, eller at rapporten skulle vere ukorrekt på enkeltpunkt ber vi om tilbakemelding innan 14 dagar frå mottaksdato.

Frist for tilbakemelding

Det er i rapporten beskrive 0 avvik og 2 merknadar.

Miljøretta helsevern ønskjer skriftleg tilbakemelding når merknadar er retta opp.

Frist er satt til **1.11.16**.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Meland kommune
Mette M. Træland
Rådmann